

IKT-reglement for elevar ved MRfylke sine vidaregåande skolar

Definisjonar

Fylkesnett: Den elektroniske sambandstrukturen som knyter saman dei fylkeskommunale verksemdene opp mot tenestene sentralt i fylket og mot Internett

Elevnett:

Den delen av fylkesnett som er sett av til tenestene som elevane skal kunne nå. Dette nettet er strengt separert frå administrasjonsnett.

Administrasjonsnett:

Den delen av nettet som er nytta til samband mot dei administrative tenestene som ligg sentralt i fylket (t.d. økonomi/løn, sak/arkiv, elevadministrasjon, tannhelsesystem, m.m.).

Digitale ressursar: Programvare, læringsressursar, e-post, web-baserte datatenester (læringsplattform) m.m. Dette omfattar både ressursar som MRfylke stiller til rådvelde og egne ressursar (t.d. filar og dokument)

Datatenester: Kommunikasjonsressursar (t.d. elevenettet) og utstyr (t.d. serverar) som dei digitale ressursane er installert på.

Brukar: I dette reglementet er brukar ein person med elevstatus etter forskrift til opplæringslova kapittel 6. Brukar er og ein person som vert gitt gjestebukarkonto på elevnett av MRfylke

Tryggleikssperrer: Ei sperre, logisk og/eller teknisk (t.d. brannmur), som skal hindre uvedkomande tilgang til dataressursar i fylkesnett og sikre at innhald i fylket sine datatenester ikkje vert endra, sletta eller på annan måte gjort inngrep som gjer at datatenestene ikkje lenger kan brukast (t.d virus).

Brukaridentitet: Brukarnamn og passord

Brukarkonto: Digitale ressursar som eleven blir gitt tilgang til. Ein brukarkonto kan vere samansett av fleire brukaridentitetar.

Brukarnamn: Eit namn som gir eleven ein unik identitet i elevnett

Passord: Ein (eller fleire) alfanumerisk kode(ar) som opnar eleven sin(e) brukarkonto(ar)

Maskinidentitet: Maskina sin IP-adresse

For å få tildelt brukarkonto til elevnett skal eleven (eller føresette for elevar under 18 år) skrive under fylket sitt IKT-reglement. Underskrifta er ei stadfesting av at reglementet er lest, forstått og akseptert.

Reglementets virkeområde

§1-1 Dette reglementet regulerer brukaren sine rettar og plikter ved bruk av MRfylke sine datatenester og digitale ressursar.

Kapittel 2 Identitet og brukarkonto

§ 2-1 MRfylke tildeler eleven ein brukarkonto.

§ 2-2 Eleven skal sørgje for at eige passord ikkje blir gjort kjend for andre. Dersom brukaren veit, eller får mistanke om, at passordet er blitt kjent for andre, skal skolen varslast umiddelbart.

Merknad:

Eleven er personlig ansvarleg for all aktivitet som blir utført på fylkesnettets ved bruk av eigen brukarkonto. Eleven må difor aldri gje opp sitt passord eller låne ut kontoen sin til andre.

§ 2-3 Det er ikkje lov å gjere bruk av ein annan person sin brukarkonto.

§ 2-4 Det er ikkje lov til å endre, slette eller øydelegge digitale ressursar som tilhøyrrer andre brukarar.

§ 2-5 Eleven har ikkje lov til å gjennomføre tiltak for å skjule sin identitet på fylkesnettets og Internett.

§ 2-6 Eleven har ikkje lov til å gjennomføre tiltak for å skjule eigen eller andre sin datamaskinidentitet på fylkesnettets og Internett

§ 2-7 Det er ikkje lov å gi seg ut for å vere ein annen person eller å opptre anonymt ved bruk av elektronisk post.

Kapittel 3 Bruk

§ 3-1 Elevnettets skal brukast til opplæring etter dei gjeldande læreplanane i vidaregåande opplæring.

Merknad:

Bruken skal avgrensast til å gjelde bruk av digitale ressursar i samanheng med eleven sitt læringsarbeid. MRfylke kan sette i verk tiltak for å avgrense bruken av opne dataressursar ved å stenge for tilgang i elevnettets. Dette kan til dømes vere spelesider, sider med pornografisk innhald, sider med rasistisk innhald, nedlasting av musikk og video og sider med underhaldning.

Ved avgrensing av nettbruken skal dette gjerast i samråd med den enkelte skole og elevrådet.

§ 3-2 Bruken av dei dataressursane som vert gjort tilgjengeleg for eleven av MRfylke skal vere i samsvar med dei lisens- og abonnementsvilkåra som gjeld for MRfylke.

Merknad:

Det er ulovleg for eleven å kopiere eller bruke programvare eller andre ressursar som er stilt til rådvelde av MRfylke utan å ha forsikra seg om at dette er i samsvar med lisens- eller abonnementsvilkåra. MRfylke må sørgje for å gi informasjon om dei vilkåra som gjeld for bruken av dei digitale ressursane som vert stilt til rådvelde.

Bilde eller video av ein eller fleire personar kan bare leggjast ut dersom det er innhenta skriftlig samtykke frå den/dei personane det gjeld eller i dei tilfella som er nemnt i åndsverkloven § 45c. Eleven er personleg ansvarleg for dei krav av rettsleg og økonomisk art som rettshavarar måtte fremje ved bruk eller distribusjon av materiale utan løyve, medrekna nedlasting og bruk av piratkopiert programvare.

Brukaren er sjølv ansvarleg for lagring og tryggleikskopiering av egne datafilar.

§ 3-3 Eleven har plikt til å sørgje for at eige datautstyr som blir brukt i fylkesnettets til ein kvar tid har installert oppdatert og aktivert antivirusprogramvare.

Merknad:

Skolen har plikt til å informere om tilgjengeleg programvare.

§ 3-4 Eleven har ikkje lov til å:

- opne, eller prøve å opne, brukarkontoar som eleven ikkje er tildelt
- gjere tiltak for å overvake fylkesnettets for å fange opp digital informasjon
- utføre aktivitetar som strid mot norske lovar og forskrifter
- framsette truslar, ærekrenkingar eller utøve mobbing, samt formidle, laste ned eller oppbevare pornografisk eller rasistisk materiale
- utføre aktivitetar som grip inn i drifta av fylkesnettets

Merknad:

Innbrot, eller forsøk på innbrot, ved aktivt å gjere tiltak for å omgå eller fjerne tryggleikssperrar på brukarkontoar, datamaskiner eller komponentar i fylkesnettets er ulovleg. Likeeins er det ulovleg å bruke

eigen, andre sin datamaskin eller andre sine elektroniske innretningar for å endre datatrafikken i fylkesnett.

§ 3-5 Eleven skal melde frå om mistanke om brot på reglement, uautorisert bruk av fylkesnett eller andre tilhøve som er ulovleg eller vil påverke drifta av fylkesnett på ein slik måte at det vert til ulempe for andre brukarar.

Kapittel 4 Overvaking

§ 4-1 MRfylke kan gjere tiltak for å få innsyn av aktivitet i elevnettet ved at brukaren sin maskinidentitet vert loggført.

Merknad:

For å sikre stabil drift av nettet og det ikkje vert brukt til formål det ikkje er berekna for, jf. § 3-1, vil ein loggføre datamaskinene sin aktivitet på Internett. I tillegg vert trafikken loggført for å sørge for at fylkesnett og dei digitale ressursane i systema vert brukt i samsvar med dette reglementet. Overvaking er og eit tiltak for å sikre mot uautorisert inntrenging i fylkesnett og dei digitale ressursane. Dette er nødvendige tiltak for å sikre tryggleiken og drifta av fylkesnett. Elevane skal informerast om loggføringa

§ 4-2 Private datamaskiner som skal brukast i gjennomføring av digital eksamen skal godkjennast av MRfylke.

Merknad:

MRfylke skal kunne gjennomføre elektroniske overvakingstiltak ved prøver, tentamenar og eksamen når datautstyr vert brukt. Bruk av ikkje tillatne hjelpemiddel, t.d. andre sine dataressursar og kommunikasjon under prøver og eksamen vil normalt vere definert som fusk eller forsøk på fusk dersom slike hjelpemiddel ikkje er tillatt. Det same gjeld innlevering av arbeid som ikkje er eleven eige produkt, jf. skolereglement.

Kapitel 5 Avslutte brukarkonto

§ 5-1 Kontoen til den som sluttar som elev i MRfylke vert sletta. Eleven har sjølv ansvar for å lagre personlege data han eller hun ønskjer å behalde. Det er ikkje lov å lagre data frå elektronisk arkiv, dokument eller filar som ikkje elles er tilgjengeleg offentleg.

§ 5-2 Materiell tilhøyrande MRfylke skal leverast tilbake. Alle kopiar av programvare, dokumentasjon, digitale ressursar eigd av, eller lånt ut av MRfylke, skal slettast slik at det ikkje lenger er tilgjengelig for eleven, dersom ikkje anna er avtalt, jf § 2-2.

§ 5-3 Når elevstatusen opphøyrer skal fylket sin IKT-administrasjon sperre brukarkontoen for vidare bruk. Kontoen vert sletta seinast 1 månad etter at eleven har slutta. IKT-administrasjonen plikter å behalde tryggleikskopi av digitale eksamenssvar inntil 1 år etter at kontoen er sletta.

Kapittel 6 Generelle reglar for god bruk av digitale ressursar

§ 6-1 Brukaren skal ikkje bruke digitale ressursar på måtar som strid mot opphavsretten etter åndsverklova.

§ 6-2 Brukaren skal ikkje bruke digitale ressursar på måtar som krenker grenser for sømeleg og anstendig åtferd, eller som er krenkjande.

Merknad:

Krenkjande, usømeleg eller rasistisk åtferd vil kunne føre til at eleven mister rettane til brukarkontoen, eventuelt i tillegg til andre sanksjonar som fastsett i skolereglementet.

§ 6-3 Brukaren skal ikkje bruke digitale ressursar til å framsette truslar og hets, utøve mobbing eller opptre på rasistisk vis.

§ 6-4 Brukaren skal på elevnettet og Internett opptre ærleg, høfleg og vise respekt for andre personar sitt livssyn, nasjon og rase.

§ 6-5 Brukaren skal vere kritisk før eit e-postvedlegg vert opna. frå ein sendar brukaren ikkje

kjenner, eller med eit innhald som verkar useriøst eller uforståeleg.

Merknad:

Slett straks meldingar med mistenkeleg innhald (særleg slike som går på å vinne 100 dollar utan innsats osv.), sjølv om det er frå personar du kjenner. Virus blir ofte spreidd via eksisterande e-postkatalogar. Reduser privat e-postkontakt til eit minimum. Unngå mest mogeleg å få di e-postadresse registrert i private adressekatalogar.

Kapittel 7 Brot på reglementet

§ 7-1 Dette IKT-reglementet er ein del av skolereglementet. For brukarar som bryt reglane i dette reglementet vil tiltak bli vurdert etter dei reglane som er fastsett i skolereglementet. I særlege tilhøve vil brot på reglementet kunne føre til erstatningsansvar og straffeansvar.

§ 7-2 For brukarar som bryt reglane i dette reglementet kan brukarkontoen bli sperra.

§ 7-3 Mistanke om lovbrøt kan bli meldt til politiet.

§ 7-4 Alvorlege brot på dette reglementet skal rapporterast til skolen si leiing.

Kapittel 8 Særskile reglar

§ 8-1 MRfylke er ikkje ansvarleg for tap av data, bortfall av digitale ressursar eller andre tap som skuldast svikt i interne eller eksterne datatenester. Fylkeskommunen/skolen har ikkje ansvar for private datamaskiner eller anna privat datautstyr.

§ 8-2 Brukar kan ikkje bruke digitale ressursar til nokon form for kommersiell verksemd slik som kjøp eller sal av varer og tenester. Det er heller ikkje lov til å bruke ressursar til å inngå bindande kontraktar eller å avtale overføring av verdiar, t.d. Internettauksjonar.

Merknad:

Unntak frå denne regelen kan bli gitt dersom bruken av digitale ressursar til kjøp og sal er kopla til opplæringa, t.d. Ungt Entreprenørskap.

§ 8-3 MRfylke kan gjere endringar i datatenester som har verknad for brukaren.

Merknad

I situasjonar der ein ikkje får varsla om endringar og inngrep i ressursar og tenester som har verknad for brukaren, skal brukaren i ettertid bli informert om kva for tiltak som er gjennomført. Dersom tiltaka gjer at brukaren sjølv må gjennomføre tiltak skal MRfylke opplyse spesielt om slike tiltak.

Eleven sitt namn

Dato: _____

Elev:

Sign (gjelder for myndige elever)

Føresatte:

Sign (gjelder for umyndige elever)

Underskrive reglement skal leverast til kontaktlærar før 1. september